

Referat frå nettmøte i Sunnfjord KFU Onsdag 6.mai kl.19-20

SAK 13-19/20

Forslag til ny opplæringslov der FAU, SU, SMU, samt Elevråd og FUG er føreslege fjerna frå lova (Sak frå Leiar og Sekretariatet FUG/leiar KFU) Høyringsfrist 1. juli.

Med oss på møtet så hadde vi med Marius Chramer leiar i FUG, 4 barnsfar og Kjersti Falck 5 barnsmor og 30 år i FAU, og 15 år i sekretariatet i FUG.

Deiras synspunkt er at denne saka er den viktigaste saka i denne FUG perioden.

§ 2-3. At det ikkje lenger skal være lovpålagt med FAU. Ein fryktar at det vert den sterkaste sin rett. Frykten er anarki. Vi treng meir samarbeid, ikkje mindre. Kva demokrati hadde vi fått om det hadde vore opp til kvar enkelt.

FUG skal ha møte med ulike aktørar. Forbund, leiing og tillitsvalte. Det er eit superviktig arbeid.

Styret i KFU stiller oss bak arbeidet FUG gjær med dette lovforslaget. Vi nektar å sitte stille i båten. Vi treng klare rammer og retningslinjer.

Forslag frå Viken er at alle FAU sender inn kvar sitt høyrings utkast. KFU litt større utkast.

FAU er eit viktig organisert fora. Ein får samla tankane kontra at alle skal springe rundt i gongane. Mister vi FAU mistar vi retten til å påverke. I den nye læreplanen skal alle fag ha medverknad i seg. Då vert det feil å ta bort FAU og elevråd.

Kva skjer med ungdomsråda i kommunane om elevråda på skulane vert lagt ned?

Elevtinget seier at ein skal være varsam med å rokke med demokratiet.

Fug har ei eiga nettside. FUG.no. der ligg ei nettsak om dette forslaget. Det ligg og eit framlegg til høyringsutkast. Sekretariatet i FUG er til for å brukast. Dei svarer på alle handvendingar.

Visst i fjernar FAU, så fjernar vi alt.

SAK 14-19/20

Informasjon frå Kommunalsjef skule, Åge Stafsnes

KFU ynskjer status på skuleopninga 1.-4. klasse + SFO. Plan for 5.-10. klasse.

Smittevern. Rettleiing. Evaluering av heimeskule.

Ein fekk god tid til planlegging. Alle skular OK innafør retningslinjer. For opning for 5.-10.klasse så kan det bli kort frist.

Største utfordringa vert med tilsette og plassen. Ein kan ha lærarar som er i risikogrupper.

No er det akkurat nok plass til 1.-4.klasse.

Nokre lærarar er over på digitalundervising for 5.-10.klasse.

For SFO så er det større utfordringar. Ein må behalde dei same Kohortgruppene også på SFO. Ein vil og måtte ha redusert opningstid pga. bemanning. Den er 08- 15.30. Opningstidene skal vurderast.

Det er til no ikkje funne avvik i 1.-4.klasse. Det er eit strekt press på skule/bhg. Når resten av klassane skal tilbake vil plass og tilsette være ei utfordring. Tildøme Halbrend. Der er det fult frå før. Dei har ni klassar med over 25 elevar i kvar klasse.

Det som spørsmål om vaskerutinar og førebygging av såre hender. Dette var ting ein skulle ta i. Eit anna spørsmål var om ein kunne kome til å bruke tomme kommunehus og nedlagte skular. Det vert vurdert.

Når dei eldste klassane kjem tilbake, så vil det skje gradvis, og ein håpar på ei så fleksibel løysing som mogleg. Anna kvar dag med skule/heimeskule kan bli løysing enkelt stadar. Ein må halde seg til retningslinjene, dei kan ein ikkje fire på.

Skuleskyss er fylkeskommunen sitt ansvarsområde. For å halde på smitteverns rutineane så må ein doble skuleskyssen. Kommunen har bestilt dobbelt opp med skuleskyss.

Frå ein representant vart det opplyst at Firda Billag har ikkje dobbelt opp med bussar, så det let seg ikkje gjære. Eit spørsmål som då dukka opp, var om det vart ulik start og skuleslutt? Dette var noko kommunen måtte sjekke meir oppi. Dette med skulebuss kapasitet var noko kommunen ikkje var kjend med.

Kommunen har kriseleiing tre dagar i veka no.

No har vi mildaste form for beredskap. Så vi vil sjå på om vi kan ta ned lengda på og tal handvask for elevane, når det er lite smittepress.

Ein vil vurdere smitterettleiaren til fylkeskommunen i lys av mindre smittevern.

Eit spørsmål som vart stilt, var om kvar enkelt elev kan ha eit lite beger med fuktighetskrem.

Krise med tidleg slutt på SFO, som igjen går utover produktiviteten i samfunnet. Dette er spelt inn overfor myndighetane, og vert diskutert i kriseleiinga kvar dag/veke.

Heimeundervising:

Ein har ein felles plattform i heile kommunen, Teams for alle skulane. Ein hadde i utgangspunktet ulike plattformer.

Digital kompetanse er eit mål i den nye læreplanen, og det er satt av ein kompetansepakke/støttesystem for det. Ein har derfor kome i gang tidlegare enn berekna med dette. Utfordringar har vore at lærarar har hatt heimekontor og/eller barn heime sjølv. Det vert ein evaluering på dette. Kommunen har møte med rektorar kvar veke. Men den store

evalueringa vert ikkje før alt er på plass att. Då vil ein og evaluere korleis heimeundervisninga har fungert. Det vil vert ei evaluering på kvar skule.

SAK 15-19/20

Kommuneøkonomi med raude tal. Kva medfører dette for skulane og elevane våre? (Sak frå leiar KFU) Dato for høyringsfrist? Ynskjer orientering frå Kommunalsjef skule.

Det er raude tal, det er ikkje kome bort ifrå. Ein må sjå på kva det vil få av konsekvensar. Kvar sektor har fått innsparingskrav. Ulike grupper har sett på kva som er mogleg. Skulen er skjerma pr.no. Skulestrukturen vi har er kostnadsdrivande, om 6-7 år vil ein ha ca.450 mindre elevar. Det ein må sjå på er om ein skal kutte i rammetimetalet eller strukturen. Det er eit langt løp før ein får endeleg vedtak. Ein skal ha høyringar, og ein skal reise ut å informere krinsane. Ein må sjå på kapasitet og struktur. Ein vil få god tid til å kome med innspel.

SAK 16-19/20

Ivaretaking av utsette elevar med forverra heimesituasjon. Evt om disponering av helsesjukepleiarar (Sak frå FAU Halbrend skule)

Evalueringa ein har hatt til no er at det varierer mykje frå skule til skule. Nokre er mykje på teams, andre vert det mykje solo. Det varierer og mykje mellom klasse til klasse innafor på den same skulen.

FAU på Halbrend kom med tips/innspel korleis ein skulle ivareta sårbare barn. Denne saka vart spelt heilt til topps til sentrale myndigheiter.

Det er kome ei anbefaling/føring frå sentralt hald at ein skal ha eit minimum med direkte kontakt mellom elev/skule gjennom veka. Det er jobba og med helsestasjon og barnevernet. Det har resultert i ein liten video. Lærarar må være PÅ, om ein er bekymra.

Det har visst seg at barn sjeldan fortel noko før ein vorte vaksen. Difor er det viktig med direkte spørsmål.

Det er no stor bekymring i heile landet at sårbare barn ikkje vert fanga opp.

Nokre barn er fanga opp og får eit skuletilbod på skulen. Bekymringa er å nå, dei det gjeld.

Det er mykje bekymring rundt dette, men lite konkrete tiltak. Eit forslag var at elevane skulle få ei skriveoppgåve: «Korleis har koronatida vore for meg? Med store/små utfordringar». Ein vona på at dette ville kunne avdekke kven som sleit.

Slik stoda er no, så skal ikkje helsesjukepleiarane omplasserast lenger. Føringa frå sentralt hald er at dei skal omdisponerast til omsorg.

Som det har visst seg så kan ein ikkje vente på at barn skal kome å fortelje sjølv. Kanskje burde helsesjukepleiarane og vore på teams. Det er viktig at ein ikkje ventar med å ta kontakt, og ein må aktivt kontakte dei barna ein er bekymra for.

Eit barn har uttalt seg til mottak for vald og overgrep her i fylket, at visst ein hadde kome på heimebesøk i 10-15 min og gått tur, så hadde det vore til veldig stor hjelp.

SAK 17-19/20

Beredskapsplan/øvingar (Sak frå nestleiar KFU)

Alle skular skal ha ein beredskapsplan. I Lunden bhg Så har ein operasjon RASK. Ein har øvingar ilag med barna om kva ein gjær om det dukkar opp nokon i bhg, som vil barna vondt. Ein øver på korleis ein skal gjære ting, oppføre seg og kvar ein møter opp i bhg.

Svar frå Åge Stafsnes:

Ein arbeider med å motverke uønska hendingar. Ein har nett hatt ei runde der politiet har vore rundt på alle skular og gjort seg kjent på ei ulike skulane.

Ein arbeider med å få på plass varslingsrutinar. Ein arbeider med tiltakskort for uønska hendingar, ein har von å få det på plass til hausten.

SAK 18-19/20

PPT (Sak frå forelder v/Bygstad skule)

Ein elev fekk tildelt minst 7 timar med oppfølging. Så kom det beskjed om at desse ikkje kunne brukast, fordi det var for få timar.

Svaret frå Åge Stafsnes var at det ikkje er føringar for minimum timar. Og ein vart oppmoda å ta kontakt med PPT på nytt.

SAK 19-19/20

SFO (Sak frå FAU Slåtten skule og FAU Førde Barneskule)

Det er blitt forandring på tilbodet på SFO. Mange ønskjer å få tilbake tilbodet om 15 timar i veka. Det har og vorte ein auke i prisen på SFO. Det ligg i føringane frå sentral hald at SFO, skal være sjølvfinansierande. Ein har måtta harmonisering av tilboda i dei ulike delane av kommunen. Prisane og tilboda vert ein gong i året, som er i desember.

Prisane vert dyrare di mindre tilbod. Ein må sjå på kjøp av SFO komande år. Det er viktig med at KFU kjem med innspel. Ein må ta ein behandling av SFO i FAU/KFU seint på hausten.

SAK 20-19/20

Fire gode kommunar til éin storkommune (Sak frå leiar KFU)

(Overført frå sak 08-19/20). *Trygg skulekvardag og god kultur for alle elevane våre. Kva inneber kommunesamanslåinga for elevane i dei 16 grunnskulane?*

Vidareføring av viktige, positive faktorar.

Kort status frå gruppa. Framdriftsplan. Måloppnåing.

Framlagt av Steinar Kleppe: Det bør være rom for å vidareføre innarbeide rutinar ved den enkelte skule, så lenge det ikkje går mot ressursar og læreplan.

Faren kan være at ein tar bort viktige ting.

Kanskje burde ein ha ein idébank? Der dei ulike skulane viser dei gode tinga. Slik at ein får visst fram individuelle styrkane. Burde slike idear bakast inni rektormøta? Dei ulike rektorane har eigarskap til sine ting.

Åge Stafnes: Vi skal arbeide kvarandre gode. Ein skal lage arbeidsgrupper der ein tek opp kva som skal være likt, og kva som kan være ulikt. Ein skal ha eit likeverdig tilbod i heile kommunen, men med lokal forankring.

Ein skal og sjå på den kulturelle skulesekken. Der har ein hatt ulike fokusområder.

Spørsmål frå møtet på dei store skilnadane på undervisninga. Det er veldig stor skilnad på oppgåver frå skule til skule og innad på den enkelte skule.

Stafnes: Det som står fast er læreplanen og kompetansemåla. Kva metode den enkelte lærar brukar for å nå måla er ikkje vedtekne. Lærarar står fritt til kva han/ho vil vektlegge.

SAK 21-19/20

Firedagarsveke/femdagarsveke (Sak frå FAU Bygstad skule)

(Overført frå sak 09-19/20). *Høve for lokale tilpassingar?*

Kort status frå gruppa. Framdriftsplan. Måloppnåing.

Framlagt av Trine Lise Sagmo. Det var veldig kort frist frå møtet i februar til arbeidet med tema måtte være ferdig. Men gruppa laga eit høyringsfråsegn til det skulle opp i kommunen. Kort sagt så gjekk fråsegna ut på at ein bør få ha lokale løysingar.

Det er vedteke i kommunen at ein skal ha fem dagars skuleveke. Kvar enkelt skule kan søkje dispensasjon frå dette. Etter to år skal ein ha ein evaluering på ordninga.

SAK 22-19/20

Digitalt arbeidsrom og arkivering for FAU/KFU (Sak frå FAU Vassenden skule)

Problemstillinga er FAU sine arbeidsforhold. Korleis skal vi samhandle dokument, slik at det vert lettare tilgjengeleg. Og slik at det vert lettare å levere vidare dokumenta, for å få kontinuitet i FAU. Så må ein og ivareta hensyn til personvernet.

Dette er og ei problemstilling for KFU. For KFU så vert det lagt ut offentleg på KFU sin link på heimesida til kommunen.

Modellen ein bør få til er at alle FAU har ein felles plattform, som er uavhengig av private, som betaler for tiggongar.

Åge Stafsnes skal ta dette vidare og ta det opp med SYS IKT, om kva som er mogleg.

På slutten av møtet vart det litt laust om 17.mai feiringa. Det vert ingen arr. på dei ulike skulane. Det vert nokre offentlege markeringar utan publikum til stades.

Pga. situasjonen vert det eit møte den 10.juni.

Referent

Marit Solveig Nedrebø